
JENS ARNE HAGEN

STATSAUTORISERT REVISOR

Medlem av
DEN NORSKE REVISORFORENING

Til styret i
Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv

6216 Geiranger

Stranda, den 7. juni 2016

REVISOR SI MELDING FOR 2015

Fråsegn om årsrekneskapen

Eg har revidert årsrekneskapen for Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv som viser eit overskot på kr 68.590. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2015, resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og ei skildring av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysningar

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir eit rettvisande bilete i samsvar med reglane i rekneskapslova og god rekneskapsskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som styret og dagleg leiar finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av misleg framferd eller feil.

Revisors oppgåver og plikter

Oppgåva mi er, på grunnlag av revisjonen min, å gi uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Eg har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at eg etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå forsvarleg sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisors skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tar revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for stiftinga si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir eit rettvisande bilete. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av stiftinga sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapestimata som er utarbeidede av leiinga, er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Eg meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen min.

Konklusjon

Eg meiner at årsrekneskapen er avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilete av den finansielle stillinga til Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv per 31. desember 2015 og av stiftinga sitt resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med reglane i rekneskapslova og god rekneskapsskikk i Noreg.

Utsegn om andre tilhøve

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen min av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner eg at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegget om bruk av overskotet er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen min av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, og kontrollhandlingar eg har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner eg at leiinga har oppfylt plikta si til å sørkje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av stiftinga sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Konklusjon om utdelingar og forvaltning

Basert på revisjonen min av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, og kontrollhandlingar eg har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner eg at stiftinga er forvalta i samsvar med lov, stiftinga sitt formål og vedtektene elles. Stiftinga har ikkje utdeling som formål, og det er heller ikkje foreteke utdelingar i 2015.



Jens Arne Hagen
Statsautorisert revisor